

Langs kysten i Randaberg



Randaberg
kommune




Rogaland
fylkeskommune

Under høg himmel

Strendene langs Jæren har stor verdi, ikkje berre for folk på Jæren og i Rogaland, men og nasjonalt og internasjonalt. Sandstrender, rullesteinar og berg ligg under høg himmel og med vind frå alle kantar. Blomar - einskilde og i samspel med andre - gjer både botanikarar og andre varme om hjartet. Mengder av fugl av mange slag finn føde og kvile under eit av dei viktigaste fugletrekka mellom Europa og Arktis, i fredeleg samkvem med dei overvintrande artane. Natur og kultur er sterkt knytt saman her. Landskapet kan nyttast – sjølv om det er verna! Turar langs strendene gjev oss gode kjensler for dette unike landskapet. Og det vi er glad i, tek vi betre vare på!

Frå Tungenes med utsikt mot vest og mot Kvitsøy



Frå Vistestranda til Vistnestangen



Du er no på historisk grunn! Vel 100 meter frå sjøkanten ligg Vistehållå. Her budde det folk frå steinalderen til folkevandringstida, frå 6000 år f. Kr. til 500 år e. Kr.. Ved det gamle tunet på Viste ligg ruinar etter steinkyrkje frå middelalderen, 1200 - 1300 e. Kr.. Namnet "Viste" kan stamma frå ordet "vist", som tydde "et eldre veidefolks midlertidige bosted". Vika utanfor, Vistevika, som grensar til både Sola og Stavanger, har namn etter denne garden.



OM TUREN

Lettgått tur som startar ved Viste strandhotell, forbi Raustein og til Vistnesvågen. Du kan parkere både på Viste og ved Vistnestunet. Turen eignar seg ikkje for rullestol eller barnevogn. Du kan sykle enkelte strekk, men ikkje langs heile ruta. Her må du følgje kysten. Avstikkarar kan du med hell gjere til både Vistehåla og til Vistnesvågen. Du går forbi tre gardar på denne strekninga; Viste, Raustein og Vistnes. Les gardsskilta som er hengt opp langs med ruta. Turen tar omlag 1 time.

ka



SJÅ ETTER! Skålgroper er "fruktbarhets-symbol" som du finn fleire av langs kysten vår, saman med alle krigsminna. Skålgropene (t.h.) og bunkeren (t.v.) finn du langs stien, omlag 200 meter vest for Viste strandhotell.



- Her kjem våren først!



Vêrprognose

For nokre tiår sidan siterte Stavanger Aftenblad ein kjend "vêrmann": "Våren i Noreg kjem først til Randaberg, og i Randaberg kjem han først til Raustein". Sola er tidleg her, sørvendt mot Vistevika, og all steinen er godt for noko, han varmar jorda. Biletet er tatt i retning mot vest, mot Raustein og Vistnes.

Landskapsverneområdet


Jærstrendene landskapsverneområde ligg i jærkommunane Klepp, Hå, Sola og Randaberg. Verneområdet omfattar strand- og kystareal og det meste av skjergarden i desse kommunane.

Området strekk seg frå Randabergvika i nord til Sirevåg i sør, med unnatak av kyststrekninga mellom Vistnes i Randaberg til Kolnes i Sola.

Området er omlag 70 km langt, og utgjer omlag 17 km². Breidda varierer frå 10 til 650 meter på det breiaste.

Vel 25 km er sanddynekyst, resten er rullestein- eller bergkyst. Generelt går verna område ned til fem meter djup. Landskapsvernområdet er oppretta på grunn av sitt eigenarta kultur- og naturlandskap.

Åtte område er verna med fuglefreding, ti område er verna med plantefreding og fire område har naturfreding. Store delar av verneområdet ligg på privat grunn med bortimot 500 grunneigarar.



Vistnestunet - garden frå fortida



Busetnad i 4000 år

Det har budd folk på Vistnes i minst 4000 år. Garden er frå 1897 med heimehus, eldhus, låve og vindmaskin og er den best ivaretatte i sitt slag i regionen. Garden blir i dag nytta til omvisning for publikum og til skuleundervisning. Huset er innreia med interiør frå ulike perioder samla inn i kommunen. Eldhuset er bygd av gråstein tidleg på 1900-talet, medan låven er bygd i 1874 og er ein stavlåve. Bak låa er det reist ei eineståande vindmølle. Ho vart nytta til å drive treskeverket då dei treskte kornet i låa.



OM VISTNESTUNET

I friområdet ved Vistnestunet er det opparbeida turstiar som også eignar seg for rullestol og barnevogn. I skogen nedanfor tunet er det sett opp ein gapahuk (biletet til venstre) som kan nyttast av alle som ferdist i området. Her finn ein natursti som fortel om plantelivet i området, og i våtmarksområdet kan ein sjå spanande smådyr. Det er viktig å ta omsyn til slike områder for å ivareta dyre- og plantelivet for framtida. Frå parkeringsplassen ved Vistnestunet kan ein kome til sjøen og til gapahuken med rullestol.

GAMLEVEGEN MOT BYEN

Sørover frå Vistnestunet og langs stranda mot Raustein kan ein fylgja ein godt bevara kjerreveg. Dette er den gamle "byvegen" der dei drog med hest og kjerre.

Frå Vistnestangen til Børaunen



OM TUREN

Turen går hovudsakleg på berg langs sjøen, men også på beitemark. Heile området inngår i Jærstrendene sitt landskapsverneområde, og især med fuglefreding frå Einarsvarden til nord for Sandestranda. Dette inneber at hundar må haldast i band, året rundt. I området finn du også mange fornminner og kulturminner, blant anna Grøderøys, gamle naust og krigsminner. I sommarhalvåret vil du kunne oppleve eit rikt fugle- og faunaliv. Det er på denne strekninga, frå Vistnestangen og til Børaunen, du kan oppleve at sjøen

len vaskar svaberga. Turen tar omlag 2 timar.



en til Børaunen



Grøderøysa - steinrøys og seilingsmerke



Ti manns arbeid i fem månader

Ute på Vistnes, eit stykke opp frå stranda Molviga, ligg ein haug av rullestein, Grøderøysa. Gravhaugen er heile 46 meter lang, 15 meter brei og 2,2 meter høg og er den største i Rogaland - ja, blant dei største av denne typen gravhaugar i Noreg. Haugen er datert til bronsealderen, 55 e. Kr.. Segna fortel at han er reist over kong Grøde. Elles kjem ordet grøde av "grjot", som tyder stein, så namnet Grøderøysa tyder eigentleg "Steinrøysa". Arbeidet med å bygge haugen svara til ti manns arbeid i fem månader - eller rundt 1100 dagsverk.

Steinnausta ved gardsenden

Frå dei eldste tider hadde sjøgardane kvar sine naust bygde av stein. Få av desse steinnausta er tatt vare på fram til våre dagar. På Vistnes, ved gardsenden, ligg Heianaustet og Trebaknaustet. Desse blir rekna å vera frå 1840-åra og er tatt vare på i eit samarbeid mellom eigarane og Randaberg kommune. Like bak nausta på Vistvik, 34 meter frå sjøen, ligg to andre nausttuffer. Desse var ganske sikkert i bruk frå 3 - 400 e. Kr.. Tuftene er ikkje svært tydelege og dekkjer ei flate på omlag 7 x 5 meter. Tuftene er eit godt døme på at dei nyare nausta vart flytta nærare sjøen, etter kvart som denne sokk lengre ned.



Trebaknaustet (t.v.) og Heianaustet på Vistnes

”Festung Randaberg”



Einarsvarden og bunker fra andre verdenskrigen

Viktig historisk lærdom

I kommunen vår ligg det ei rekke bunkersanlegg frå den andre verdenskrigen. Dei er ei påminning om ei lite hyggeleg tid. Samstundes er dei vanskeleg å bli kvitt. I prinsippet ligg dei der for all tid. Då blir spørsmålet om vi kan tenke annleis? Kan vi utnytte betongkonstruksjonane til å formidle viktig historisk lærdom? Kan vi gjere bunkarane til formidlingsentre langs kysten vår? Kan vi gje krigen sin arkitektur ei fredeleg rolle?

Einarpynten

På Einarpynten finn ein tydeleg prov på tysk nærvær under andre verdskrigen. Utstrekninga av anlegget tyder på at forsvaret var rekna for å huse eit heilt kompani. Stillinga var væpna med ein panservernkanon. Det er i tillegg tre tunnellar under bakken i området.

I begge inngangane (overgravde i dag) finn ein bygg nummer "8" malt på veggane fleire stader, noko som går igjen fleire stader i festningsverka langs kysten på Nord Jæren.

Over heile området strekk det seg eit større nettverk med skyttergraver sprengt ned i fjellet, og med maskingeværstillinger i opplødd stein. Heilt ute på spissen av neset (sjå bileta) står ein bunker - "Vf MG SK oktagon" - med fem skyteskår. Utifrå steinkamuflasjen er det framleis mogeleg å sjå dei ulike ildesektorane til bunkeren.



Frå Einarvården, med godt utsyn mot vest i havet

Kommandobunkeren (R 636)



Kommandobunkeren på Bø er kamuflert som gardsbygning

Festningsverket

Her på Ytre Bø var det eit imponerande tysk festningsverk som vart tatt i bruk i 1942. På avstand såg heile anlegget ut som ein vanleg samling av fem gardar. Dette var det nordlegaste batteriet på Stavanger-halvøya under verdskrigen. Saman med Fjøløy sperra dei innseglinga til Boknafjorden. Hovudskytset var plassert i store åpne stillinger, noko som var typisk for denne typen kanoner langs heile Atlanterhavsvollen.



Festningsverket på Bø

God kamuflasje

Tyskarane okkuperte hus og bygningar på gardane i det gamle klyngetunet. Her hadde dei sjukehus, kantine, skomakarverkstad, våpensmie, stall, kompanikontor og telefonsentral. Dei vel 150 soldatane som var her, budde i fire brakker som var sett på grunnmurer. Heile festninga var godt kamuflert. For å lure fienden sette dei opp falske kanonstillingar av tre på stranda. Den store kommandobunke- ren såg ut som ein vanleg driftsbygning. Russiske fangar gravde skyttergraver og bygde vollar rundt stillingane med berre nevane. Heile fortet var sperra av med ei ytre og ei indre sperring. Det var to veg-sperringar med porter. Eit minebelte låg rundt festningane. Seinare la også tyska- rane ut eit minebelte frå festninga på Bø over til Sande og vidare til Byfjorden.

Børaunen - rullesteinsvollen



Børaunen er totalfreda

Frå Vistnestang

Børaunen

Kanskje det mest spektakulære på heile turen. Området har det meste i seg; frå fugletrekk og vadarar, til kystlandskap og frodige marker, strender og svaberg. Børaunen er mest kjent for raunen, rekka av rullesteinar som ligg og blir slipt i sjøkanten. Denne rullesteinsvollen er rekna som den største i sitt slag i Europa. Dersom du går oppå steinrekka vil du kome til områder som er rydda for stein. Det er bygd hus av denne steinen, og det er brukt stein til steinbed ulike stadar.

No er Børaunen totalfreda.

Den ligg innanfor eit område langs kysten som er landskapsvernområde. På austsida av rullesteinsvollen er det eit flott vadeområde som har eit rikt fugleliv. Steingardane på Raunen viser eigedomsgrenser og høyrer til gardane på Ytre Bø. Området var tidlegare fellesbeite og teigane vart skilt ut i høve utskiftinga i 1838.




Steingardane på Raunen

Sårbart fugletrekk



Jærkysten er som ei leieline under trekket for mange fugleartar. På grunn av det milde klimaet, og det alltid isfrie jærhavet, blir jærkysten nytta som overvintringsstad for ei rekkje sjøfuglar, vadefuglar, lommar og andre. Jærstrendene er særleg viktig som rasteplass før den lange etappen over Nordsjøen. På Børaunen kan vi sjå trekkande vadarar frå juli til langt ut i november, men høgsesongen er september/oktober. Heile 33 vadearter er observert på Børaunen. Myrsnipe, polarsnipe, dverg-snipe, stokkand, ærfugl, skarv, tjeld (biletet) og sandlo høyrer til dei vanlegaste. Vaksne fuglar som er ferdige med hekkinga kan ein observere frå juli og utover.



Myrsnipe/snipen

Calidris alpina

Vadar. Snipa er like stor som ein stare. Biotopen til fuglen er våtområda, fjør-estrender med tangbankar og mudder. Fuglearten er utbreidd. Myrsnipa overvintrar i tempererte stromk.



Sandlo

Charadrius hiaticula

I august-september trekk sandloen sørover til overvintringsområda sørvest i Europa og i Vest-Afrika. Sandloen held til på stranda. Når den søker føde flytter den seg på ein medviten måte. Den spring eit lite stykke, stanser opp og leiter etter byttet i sanden. Der spis



den insekt, krepsdyr, børsteormer og snegler som den når med nebbet.

Stokkand

Anas platyrhynchos

Vår vanlegaste andeart, som ein finn ved alle slags stillestående og langsamt flytande vatn. Stokkanda kan bli svært gammal. Det finnst ringmerka eksemplar som er over 25 år.



Fleire fuglearter hekkar i og ved Børaunen, som Myrsnipa.

Toppskarv

Phalacrocorax aristotelis

Toppskarv eller småskarv er ein sjøfugl som hekkar i kolonier. Namnet er gjeve frå det karakteristiske hovudet som får ei særeiga «sløyfe» hjå hannen.



Tjeld

Haematopus ostralegus


Vadefugl og karakterfugl for kystområda rundt om i Europa. Tjelden er Færøylene sin nasjonalfugl og landskapsfugl i Bohuslän, Sverige.



Ærfugl

Somateria mollissima

Stor marin dykkand. Den norske ærfuglflokken er på omlag 190 000 par (2004) og er forholdsvis stabil. I Noreg er ærfuglen totalfreda i mesteparten av landet.



NORSK RAUDLISTE

Norsk raudliste er ein oversikt over artar som av Artsdatabanken er vurdert å ha avgrensa overlevingsevne i Noreg over tid. Vurderingane er tufta på Den internasjonale naturvernorganisasjonen (IUCN) sine kriterie. Arbeidet med Raudlista er utført av 23 ekspertkomitear, som til saman har vurdert tilstanden for rundt 18 500 artar. Dette er nær halvparten av dei omlag 40000 artane vi veit finnst i Noreg. Totalt for Noreg, med havområde og Svalbard, er 3886 artar raudlista, og 1988 av desse er vurdert å vere trua artar. Enkelte vadearter observert på Børaunen er blant dei som er raudelista.

Rundt Neset



Turistskip rundar Tungeneset


Røter langt attende i tid

Området har rikt naturmiljø og er eit kulturlandskap med røter langt attende i tid. Ved Randbergbukta finnast det to nausttufter frå folkevandringstida. Den største var 15 meter lang og 11 meter brei, noko som skulle tyda på at dei hadde store fartøy liggjande her. Den største måtte ha 16 roorar. Mellom dei to nausta vart det i 1932 pløgd opp to bautasteinar, den eine 3,5 meter og den andre 2,5 meter høg. På ei strekning på omlag 100 meter på Sande er det funne 4 gravhaugar; det er funne sverd, øksar, brot av sigd og slipesteinar. Berre ein av desse viser i dag, 20 meter lang og 6 meter brei. Haugen vart mykje tilrota då tyskarane hadde kanonstilling der under krigen. Alle funna tyder på at det har vore busetnad her, både i folkevandringstida og i mellomalderen.



OM TUREN

Turen rundt Neset tar omlag 1,5 timar, vanleg gange. Turen eignar seg ikkje for rullestol eller barnevogn. Turen frå Sande til Tungenes fyr tar omlag 30 minutt. Frå fyret og til Randabergbukta må du i vanleg gange nytte omlag 30 minutt. Frå Randabergbukta er det knytta sti til Randabergfjellet og vidare ned til Sandestranda. Dette er ein fin rundtur langs sjøen, og på Randabergfjellet får du eit storslått utsyn.



”Jærens Nordkapp”



Tungevågen

Den nordlegaste garden

Tunge er den nordlegaste garden på Jæren og er ”Jærens Nordkapp”, vert det sagt. Frå gammalt av var Tunge og Tungevågen eit viktig maritimt senter. Frå sist på 1600-talet var her ei viktig eksporthamn for hummar, her var gjestgjevar og her var det losar.

På 1800-talet kom det til fyrvaktarar og tollarar med tilliggjande fyr og tollstasjon. Ved vågen ligg framleis deler av klyngetunet på Tunge på dei gamle, mellomalderske tuftene.

Det er mange minne etter denne stordoms-tida; eit restaurert naust, tollbubrygga, fyr-nauset, fyret lenger ute på neset der det også er kanonstilling og bunkers frå siste krig.



Tungetunet frå 1911

Det starta med eit talglys

Det store sildefisket i byrjinga på 1800-talet la grunnlaget for fyr på Tunge. Det starta med talglys i eit loftsglas i Tungevågen, etterkvart vart det utbygd til slik anlegget står i dag.

Tungenes fyr vart nedlagt som seglingsfyr i 1984 og seinare utbygd til kultursenter.

Tungenes fyr er i dag del av Kystverkmusea.

Utsiktspunktet



Randabergfjellet - ein strategisk stad

Randabergfjellet har i nyare tid vore ein strategisk stad. Under første verdskrigen var det signalstasjon og nøytralitesvakter her. Under andre verdskrigen okkuperte tyskarane området og bygde eit omfattande forsvarsverk. Etter krigen overtok Forsvaret anlegget og flyvåpenet etablerte seg. Den kjente "Randabergkula" var radaren som viste lang veg og blei eit kjenne-merke. Seinare flytte HV-08 inn og hadde verksemd her til kommunen overtok store deler av anlegget til friområde i 2006. Det meste av Randabergfjellet er no opna for ålmenta, og er i dag tilrettelagt som friområde og er eit flott utsiktspunkt.



Illustrasjon: Svein Skarbøvik

og Randabergfjellet



Her låg kyrkja, med vidt utsyn mot Mekjarvik og Rennesøy

Kyrkjetuftene


Sidan folkevandringstida låg det ei bygdeborg oppe på Randabergfjellet. Dette var eit strategisk punkt med vidt utsyn, både over leia langs kysten og inn over fjordane. Stormenn slo seg ned. Seinast rundt 1100 slo representantar for Arnungætta på Giske seg ned på garden. Dei var samstundes etterkomarar etter Erling Skjalgsson. Mest kjend var den høgadelege lendmannen Jon Torbergsson som budde her midt på 1100-talet. Truleg var det Arnungane som sette opp stavkyrkja på Randaberg, kanskje rundt 1100. Denne kyrkja stod til 1633 då ho vart erstatta av ei tømra kyrkje. Garden Randeberg, der kyrkja stod, var storgard i fleire hundre år. Soleis tente kyrkja både som privat kyrkje og soknekyrkje. I dag er kyrkjetuftene gjen-grodd, så det er få synlege merke etter sjølv kyrkja (biletet over).

Spor etter liv

Det jørske kystlandskapet kan ved første øyeblikk verka som eit reint naturlandskap, men det er knapt ein stein eller ei plante som ikkje er påverka av menneskeleg aktivitet. Dette eineståande landskapet er fullt av små og større spor etter liv og hendingar gjennom mange tusen år. Og det milde, men ofte stormfulle verlaget har gitt – og gjev – landskap og planteliv særpreg.

Kysten er leveområde for mange nasjonalt sjeldsynte og dels trua planteartar og vegetasjonstypar som krev vernetiltak for å sikra levedyktige bestandar. Dei er svært sårbare for til dømes gjødsling, endringar i beitetrykk, tørrlegging, slitasje m.v.. Dei viktigaste botaniske lokalitetane er verna som plantefredingsområde. Jærkysten vekslar mellom bergkyst, rullesteinstrand og sandstrand, og utgjer dermed eit skiftande miljø med ulike levevilkår for plantene.

Sjå neste side for planter som veks langs kysten vår.



Godt beitegras på Ytre Bø

Bitterbergknapp

Sedum acre


Fleirårig plante i bergknappfamilien. Namnet har den fått fordi den har ein skarp, bitter smak, som har gjeve planta namn på dei fleste europeiske språk.



Kystbergknapp

Sedum anglicum

Plante i bergknappfamilien. Kystbergknappen blir 2-7 cm høg og veks i matten.



Skjørbuksurt

Cochlearia officinalis

Planteslekt med 25 arter av korsblomefamilien. Toårige arter med saftige, kjøttfulle blad med skarp smak. Blomane er kvite, frukta er kort, eggforma eller kulerund kulpe. Tre viltvek-sande arter i Norge, på havstrand.



Dei er rike på C-vitamin og nytta i folke-medisinen.

Strandnellik eller fjørekoll

Armeria maritima

15 cm høg plante av hinnebegerfa-milien med smale, jamnbreie blad og sittande, lyseraude blomer i eit rundt hovude. Vanleg langs heile kysten.



Rosenrot

Rhodiola rosea

30 cm høg plante som veks vilt i heile Noreg. Ekstrakt frå jordstengler og røter blir nytta i naturmedisin. Planten veks i berg-sprekker, på knausar



i sjø-kanten og i fjellet.

Gåsemure

Potentilla anserina eller

Argentina anserina

Gåsemuren veks på sta-der med tett og nitrogen-haldig jord, gjerne i veg-



grofter, ute ved kysten eller på stren-der.

Tusenfryd

Bellis perennis

Tøff og hardfør plante som i september 2008 også vart kåra til Randaberg kommune sin offisielle kom-muneblome. Namnet **bellis** tyder vakker og **perennis** fleirårig. Munkane har mellom anna hatt med seg tusenfryd frå land til land som ein av sine medisiplanter. Frå 1600-talet har den vore ein kjent hage-plante i Noreg.



Farlege planter!

Pass opp for farlege plan-ter langs kysten og i stra-ndsona. Tiggerssoleie inneheld ein flyktig olje med brennande smak som virker sterkt hud- og slimhinneirriterande. Strandkvann er ein plante som (når den blømer) ut-skil etsande væske som kan påføre huda store, åpne sår. Særleg ved ba-deplassar bør ein vere varsam. Giftinformasjonen kan gje meir informasjon, tlf. 22 59 13 00.



Tiggerssoleie
*Ranunculus
sceleratus*



Strandkvann
*Angelica
archangelica
ssp. litoralis*

Der bølgene bryt

Jærkysten har dei finaste sanddynestrendene i landet, ein eigenarta rullesteinskyst og ei rekke særprega lausmasseformasjonar, m.a. med strandvollar, verdifulle strandenger, våtmarker og sanddynevegetasjon.

Strandlina langs Jærkysten vekslar mellom nes av berg eller rullestein og bukter med sand.

Den nordlegaste delen av Jærkysten har større samanhengande strekningar med bergstrand der svaberg og låge klipper møter bølgene.

I Randaberg gir fyltten slake, men ujamne svaberg ut i havet, medan den finbanda gneisen gir glatte og slake svaberg. Dei mange små sprekkene, vernande bergryggar, småpyttar og dammar med brakk- og saltvatn gjev vilkår for eit variert plante- og insektsliv. Langs Jærkysten er det omlag 25 km med sandstrender.





*Sjøen bryt ved Tungenes fyr.
Lykta på Skoholmgrunnen viser sjøfarande leia langs kysten*

Det jørske ljuset

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene. Desse strendene har særmerkte strandtypar og geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske element som er med på å gje området sitt særpreg.

Jæren er jærkanten – den flate yttarste bremmen eller kanten - på berglandet Noreg. Det typisk jørske er ljuset under den høge himmelkvelvinga, den gode sjølukta, det store havbraket og det åpne landskapet gjev oss ei kjensle av å kunne sjå ut i – eller inn i – æva.



Velkommen til tur langs kysten!

Når du ferdast ute i terrenget, hugs at du er i eit kulturlandskap i dagleg drift. Ver difor grei å ta omsyn til ferdselsforbodet som gjeld over dyrka mark, for dyr på beite og for andre tilhøve som er vesentleg for gardsdrifta. Gå difor langs kystlina, med unntak av i området omkring Børaunen. Delar av løypa er skilta med blåmerke. Ver varsam overfor fugle- og plantelivet i området. Hundar skal haldast i band!

God tur!



RANDABERG KOMMUNE
Postboks 40, 4096 Randaberg //
Telefon 51414100
www.randaberg.kommune.no